

OPPSUMMERING MERKNADAR, per 18.04.2017

Offentlege instansar

Uttale	Kommentar frå tiltakshavar/plankonsulent
<p>Bergen og omland havnevesen, 08.03.2017</p> <p>BOH viser til lova om havner og farvann (2009) som har som formål å legge til rette for god framkommeleghet, trygg ferdsel og forsvarleg bruk og forvaltning av farvatnet i samsvar med allmenne omsyn og omsynet til fiskeriene og andre næringar. Samt at det er Kystverket som er riktig mynde etter havne- og farvannsloven når det gjeld akvakulturanlegg, og dersom det ikkje allereie er gjort må planen sendast til Kystverket for uttale.</p>	<p>Merknaden er teke til etterretning. Oppstartsmeldinga er varsla til Kystverket.</p>
<p>Fiskeridirektoratet, 16.03.2017</p> <ul style="list-style-type: none"> • FD peiker på at det er særstakt viktig at påverknad og konsekvens for marint biologisk mangfald og fiskeriinteresser i og kring planområdet vert godt utgreia og at avbøtande tiltak vert sett inn dersom det syner seg at planen vil få negativ effekt på det marine miljøet og fiskeri som naturressurs. FD finn at planprogrammet med utgreiingsprogram er dekkande for deira ansvarsområde. • FD poengterer at dei antar at meaninga med oppstart av detaljplanen er å regulere areal for matfiskproduksjon, og deira uttale er basert på denne tolking av føremålet med planen • FD viser til at det er registrert eit lokalt viktig gyteområde for torsk på innsida av Ådnøy, og ved Langøy er det registrert Marin naturtype – bløtbunnsområde. Omsyn til marinbiologisk mangfald som gytefelt for torsk er naturleg å ta opp under tema naturmangfald. Ser ein at planarbeidet kan få negative verknadar for desse interessene må ein vurdere avbøtande tiltak som kan setjast i verk for å minske negativ påverknad på det marine miljøet og på fiske som naturressurs. • FD viser til at akvakultur er ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelser spelar ei stor rolle når det gjeld næringa si behov for areal. Det er difor viktig at areal som blir sett av til akvakulturføremål i reguleringssplanen vert store nok til justering av anlegg og/eller bruk av ny teknologi. 	<p>Merknaden er teke til etterretning.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Fiskeridirektoratet tolkar føremålet med planen riktig. For at det skal vera tydelegare er planprogrammet oppdatert. • Marinbiologisk mangfald vil bli vurdert under tema naturmangfald, og ressursforhold knytt til marinbiologiske tilhøve under tema fiskeri. • Det er ønskeleg å avsette tilstrekkeleg areal til akvakultur for å gi næringa fleksibilitet for framtida, samstundes som ein tek utgangspunkt i dagens løyper på lokalitetane.

<p>Kystverket, 06.04.2017</p> <p>Kystverket viser til registrert bilei, 2274-Masfjorden, som vil røre ved planavgrensinga i nord ved Langøy-lokaliteten. Kystverket ber om at denne vert teke omsyn til i det vidare planarbeidet.</p>	<p>Merknaden er teke til følgje. Planarbeidet vil skildre og vurdere konsekvensar for registrert bilei ved Langøy-lokaliteten.</p>
<p>Hordaland fylkeskommune, 07.04.2017</p> <p>HFK peiker på at akvakultur er eit prioritert satsingsområde i Hordaland fylkeskommune, og viser at HFK har ansvar for tildeling av løyve og klarering av lokalitetar etter akvakulturlova, samt at dei har ansvar for å ivareta og fremje motsegn på vegne av akvakulturinteressene etter PBL. HFK viser til lovverket og informasjon om akvakulturløyve på heimesida til fiskeridirektoratet.</p> <p>HFK ønskjer å påpeike at ein kommune gjennom arealplanar ikkje kan fastsette føresegner som gjeld typiske drifts- og næringsrelaterte forhold som t.d. produksjonskapasitet, fiskevelferd, rømming og krav som gjeld lakselus eller andre biologiske faktorar. Dette er tilhøve som er regulert gjennom anna regelverk og kor ulike sektormynde har tilsynsansvar. HFK viser til vilkår om tal produksjonseiningar ved lokalitet Ospeneset, og at reguleringsplanen ikkje kan ha slike føringer for kva konstruksjonar som er tillatt.</p> <p>Akvakultur er framleis ei næring i utvikling og bruk av ny teknologi og endring av rammebetingelser, spelar ei stor rolle når det gjeld næringa sitt behov for areal. Det er viktig at areal som vert sett av til akvakulturføremål i planen vert store nok til utviding og justering av anlegg og/eller bruk av ny teknologi. Eit vilkår for planarbeidet er at samla areal for akvakultur ikkje i vesentleg grad skal utvidast. Samla akvakulturområde i planen ved Landøy, Ådnøy og Ospeneset er mindre enn det som er klarert etter akvakulturlova. Det er viktig at det vert sett av eit framtidsretta og stort nok areal ved lokalitetane Langøy og Ospeneset.</p> <p>HFK meiner at plankartet bør ha eit detaljnivå tilsvarende kommuneplannivå og med definerte rammer på same nivå i føresegnerne. Det er mange ukjente faktorar ved etablering som gjer at næringa treng fleksibilitet for tilpassing og justering. HFK viser til at areal til sjølve anlegget med fôrflåte bør regulerast til einbruks akvakulturområde og at fortøyingane kan regulerast i føresegnerne i fleirbruksområde utanfor på same måte som i kommuneplanen.</p> <p>HFK viser til at begge lokalitetane har vore gjennom fleire omfattande søknadsprosessar etter akvakulturreguleringa dei siste åra. HFK meiner denne</p>	<p>Merknaden er teke til følgje.</p> <p>Tiltakshavar er samd med fylkeskommunen sine merknader knytt til behov for og nivå på reguleringsplanar i sjø.</p> <p>Planarbeidet vil skildre og vurdere konsekvensar for akvakultur, landskap, friluftsliv og naturmangfold.</p>

<p>sakshandsaminga tek i vare omsyn til verneinteresser, samt anna interesseavvegning, miljømessig, forsvarlegheit, fiskehelse, mattrystgleik, sjøverts ferdsel osv.. I tillegg er det gjennom sektorlovverk gitt krav om oppfølging i driftsfasen med mellom anna miljøovervaking. HFK oppfordrar kommunen til å samanstille og nytte kunnskap frå tidlegare prosessar i den vidare planprosessen. HFK kan ikkje sjå at det er behov for ytterlegare akvakulturfaglege utgreiingar.</p> <p>Detaljreguleringsplan for akvakultur er nytt i Hordaland og elles i landet. HFK ser det som lite hensiktsmessig med ein fast praksis der det vert stilt krav om reguleringsplan for akvakultur i sjøområda. Dynamikken og utviklinga i næringa vil i større grad sette krav til fleksible planløysingar samanlikna med arealplanlegging på land, og dei flytande anlegga kan reknast som reversible tiltak. HFK meiner at rammevilkår for arealbruk vert tilstrekkeleg utgreia gjennom kommunen sin kommuneplan og gjennom handsaming av akvakultursøknad.</p> <p>HKF ber om at planen sine verknadar for landskapet vert tydeleg skildra gjennom planarbeidet.</p> <p>HKF er positiv til at det gjennom planprogrammet vert lagt opp til at planen sine verknadar for friluftsliv vert drøfta.</p> <p>Fylkesdelplanen for Hordaland seier at Hordaland skal verna om biologisk mangfold og verdifulle areal- og naturressursar på land og i sjø, som strandsona, friluftsområde med regionale verdi, større inngrepsfrie område og kulturmiljø. HFK ber om at vidare planlegging har omsyn til dette.</p> <p>Akvakulturfaglege utgreiingar i samband med tidlegare prosessar er naturleg vert samanstilt og nytta som kunnskapsgrunnlag i planarbeidet. Det er i tillegg andre tema som må utgreiast, som m.a. konsekvensar for landskap, friluftsliv og funksjonell strandsone.</p> <p>HFK ber om at planarbeidet særleg legg vekt på akvakultur, landskap, friluftsliv og naturmangfold.</p>	
---	--

Fylkesmannen i Hordaland, 07.04.2017

- | | |
|--|--|
| <ol style="list-style-type: none"> FMHO viser til at KMD har uttykt at oppdrettsnæringa i Hordaland er tent med å utviklast gjennom opne og inkluderande arealplanprosesser. I utgangspunktet er kommuneplanen det sentrale verktøyet for arealbruk i denne næringa for å kunne vurdere samla belastning for fjordsystema heilskapleg. FMHO peiker på samarbeid mellom Masfjorden og Lindås | <ol style="list-style-type: none"> Tiltakshavar er samd med FMHO sine merknader knytt til behov for arealavklaring, samt nivå på reguleringsplanar i sjø. Kunnskapsgrunnlaget som vert henta inn i reguleringsplanen vil vera relevant for arbeidet med den interkommunale planen. I varsel om oppstart er det valt å regulere berre deler av fortøyingane, og |
|--|--|

<p>commune om interkommunal kommunedelplan for Austefjorden. FMHO har ikkje innvendingar mot reguleringsplanen så lenge reguleringsplanen vert gjort like grundig som dei ville gjort i den overordna planen. Dei to planarbeida må elles søke å utfylle kvarandre.</p> <p>2. FMHO stiller spørsmål til om planområdet er stort nok med omsyn til at fortøyningane frå anlegga vil gå langt utover varsla plangrense, til og med inn i nabokommunen. FMHO skriv at tiltak i Masfjorden kommune vil krevje ein planprosess også i denne kommunen, og ein enten kan vedta to separate planar eller ein felles interkommunal reguleringsplan. FMHO viser til at forankringsanlegga vil vera av betydning for andre interesser som fiskeri, friluftsliv, forsvar og nabokommunen. Om det er vanskeleg å vise eksakt plassering av fortøyningane må det regulerast tilstrekkeleg areal til dette føremålet.</p> <p>3. Areal til sjølve akvakulturanlegget må ein vurdere behovet for nytteareal, og ein må ikkje regulere meir areal enn det som er nødvendig. I det ligg også at ein må ta omsyn til manøvreringsareal, og det er elles klart at influensområdet vil vere vesentleg større enn kva som skal regulerast.</p> <p>4. Reguleringsplanen skal avklare dei arealmessige endringane, samt tydeleggjere interesser og verdiar som planmynde må ta omsyn til. FMHO meiner at føreseggnene skal supplere arealføremåla, men kan ikkje legge føringer for sjølve drifta. FMHO manar til varsemd ved bruk av føresegner, då søknadar om lokalitetsavklaringar uansett skal gjennom ei grundig konsesjonshandsaming etter akvakulturlova. Næringa må ha ein viss fleksibilitet, men det kan vera tenleg å stille nokre krav til utforming, evt. forbod mot former av bruk, støykrav mm., for å fremje føremålet med planen, avvege interesser og ivareta ulike omsyn i eller av omsyn til forhold utanfor planen.</p> <p>5. FMHO peiker på at utgreiingane må omfatte så mykje at ein er trygg på at området er eigna til føremålet og at planens reelle verknad for miljø og samfunn kjem fram. FMHO er oppteke av at planen synleggjer, samlar og tek i bruk det kunnskapsgrunnlaget som er tilgjengeleg. Verkandar for landskap, plante- og dyreliv, helseutfordringar, vassutskifting, støy, friluftsliv, fiske, naboar m.v. er alle utgreiingstema.</p> <p>6. FMHO viser til at ROS-analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om areala er eigna til utbygging, og evt. endringar i</p>	<p>dette ønskjer ein å vidareføre. FMHO er oppteke av at fortøyingsanlegga og interesser desse berører vert synleggjort og utgreia. Intensjonen har alltid vore at fortøyningane også utanfor planområdet skal belysast, og planprogrammet er tydeleggjort i høve til dette punktet. Planarbeidet skal avklare og vise interesser og verdiar i områda der fortøyningane er planlagt etablert, og fortøyingsanlegga skal vera ein del av konsekvensutgreiinga sjølv om deler ligg utanfor planområdet. Fortøyningane skal synleggjeraast på illustrasjonar og «situasjonskart» i planframlegget.</p> <p>I gjeldande kommuneplan for både Lindås og Masfjorden kommune er det i føresegner opna for å etablere nødvendige fortøyningar utan plansak eller dispensasjon. Det er såleis ikkje behov for planavklaring for å etablere nødvendige fortøyningar utanfor planområdet.</p> <p>Eksisterande fortøyningar er godkjent i tråd med gjeldande regelverk. Framtidige søknadar om fortøyingsanlegg vil følge same prosess og vil evt. gis av ansvarleg sektormynde. I denne søknadsprosessen vil fleire av interessene FMHO peiker på også bli utgreia.</p> <p>Ut frå at ein skal synleggjere fortøyningane og interessene både innanfor og utanfor planområdet vil utvida plangrense, som inkluderer Masfjorden kommune, ikkje gi meir arealavklaring og belyse interessekonfliktar utover det planframlegget vil gjera.</p> <p>Tiltakshavar meiner på bakgrunn av dette at det ikkje er behov for å utvide plangrensa i reguleringsplanen eller sette i gang prosess med felles interkommunal plan eller to planar. Dette vil også kunne gjere at ein ikkje klarer å holde framdrifta som er ønskeleg i planarbeidet.</p> <p>3. Planframlegget vil ta utgangspunkt i dagens løyper for lokalitetane og vise kva arealbehov dette medfører. Det er i tillegg ønskeleg å regulere for fleksibilitet og framtidig teknologi. Konsekvensar for influensområde skal synleggjeraast i planarbeidet.</p> <p>Ein er usikker på om det er behov for å regulere føremål til manøvreringsareal, men det vil blir vurdert det i det vidare arbeidet.</p> <p>4. Innspelet er notert, og ein er einig i at planen ikkje kan legge føringer for sjølve drifta. Planarbeidet skal vurdere krav i føreseggnene som er knytt til arealsituasjonen.</p> <p>5. Innspelet er notert. Planen omfattar eksisterande lokalitetar som er godkjent etter grundige konsesjonshandsamingar etter akvakulturlova, og</p>
---	---

<p>slike forhold som følge av planlagt utbygging. ROS-arbeidet og konsekvensutgreiinga bør sjåast i samanheng, og det er ikke nødvendig å vurdere same tilhøve to gangar i reguleringsplanen.</p> <p>7. FMHO er nøgd med at planarbeidet er vurdert til å utløse plikt om utarbeiding av planprogram og konsekvensutgreiing, og finn at det er tenlege tema som planprogrammet lister opp for vidare utgreiing. Det må brukast ekspertise i nødvendig grad.</p> <p>For å sikre god framdrift i planprosessen stiller FMHO gjerne på møter saman med kommunen dersom det er ønskjeleg for å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg.</p>	<p>desse løyva og utgreiingane legg planen til grunn. Planarbeidet skal utgreie tema som er relevant for arealsituasjonen, og synleggjere verknad for miljø og samfunn.</p> <p>6. Innspelet er notert. Planprogrammet er oppdatert.</p> <p>7. Innspelet er teke til orientering, og tiltakshavar ser positivt på at FMHO ønskjer å bidra i planarbeidet.</p>
--	--

Private merknadar

Uttale	Kommentar frå tiltakshavar/plankonsulent
<p>Per Kristian Teige, på vegne av aksjonsgruppe på Hodneland. 10.03.2017</p> <p>Merknaden gjeld lokaliteten Ospeneset. Aksjonsgruppe på Hodneland består av fastbuande, hytteigarar og andre med tilknyting til Hodneland. Det er vedlagt underskrift frå 31 personar. Merknaden består av 7 merknadspunkt og eit kartvedlegg som skildrar dei 7 punkta på kart.</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Eit meget viktig og prioritert moment for bygda er å flytte fôrflåta på nordsida av fiskemerdene. Dette med omsyn til drifts- og operasjonsstøy og minskar den visuelle forstyrringa bort frå busetnaden i Hodnelandsområdet. Sjølv om anlegget får landstraum vil det vera betydeleg operasjonell støy og forstyrrende aktivitet frå drifta. Gruppa viser at naturleg nok vil aktiviteten auke dersom det vert ei dobling av tallringar. 2. Gruppa viser at anlegget er endra frå stålanlegg med inkorporert fôrflåte til plastringar og frittliggjande fôrflåte som er ein plasskrevjande driftsform som er berekna for store opne fjordareal. Gruppa meiner at anlegget ikkje er eigna for lokaliteten, og meiner at anlegget må trekkast lengst mogleg nord mot dei meir opne farvatna i Fensfjorden, og ikkje inn mot den trange, traktforma Austfjorden, som allereie er overbelasta med 8 oppdrettsanlegg i dag. 3. Gruppa meiner at ved å trekke anlegget utover i fjorden og dermed lengre vekk frå oppdrettslokaliteten på Krossneset/Laberget minskar ein smittefare mellom anlegga. Lokaliteten på Krossneset/Laberget vart i 2016 flytta til der den no er lokalisert, og er no plassert tett på Ospeneset. Sjølv om Ospeneset og Krossneset/Laberget ligg innanfor same brannmursone;brakkleggingssone til Mattilsynet utgjer avstanden mellom anlegga ein reell fare for smitte mellom anlegga. 4. Gruppa meiner at merdene må ligge nært inn mot land for å ikkje dominere i den trange fjorden. Folk vil i svært liten grad bruke området mellom anlegget og land til ferdsel og fritidsføremål, og meiner at dei fleste føretrekk å kjøre på utsida av anlegget. Slik anlegget ligg i dag er det svært dominerande i fjorden. 5. Områda rundt Hodnelandsholmane og grunnene rundt Sæveråsfluene er 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Planarbeidet vil legge til rette for å flytte fôrflåta nord/nordvest for dagens anlegg på Ospeneset, skal skildre tilhøve som støy og landskapsverknadar. Det er ikkje planlagt utviding av nye merdar sør for dagens merdrekke 2. Store deler av oppdrettsnæringa gjennomgår ei strukturendring frå stålbur til plastringar. Det er ikkje unikt for lokalitetar liknande som Ospeneset å endre til merdar med plastringar. Med bakgrunn i midlertidig areal- og konfigurasjonsdispensasjon er anlegget etablert i henhold til NYTEK-forskrifta og NS 9415:2009. <p>Planarbeidet skal skildre arealbehovet for å kunne utnytte eksisterande løyre, samt sjå dette arealbeslaget opp mot andre interesser som t.d. friluftsliv, fritidsfiske, naturmangfold og landskapsverknadar.</p> <ol style="list-style-type: none"> 3. Smitte mellom anlegg er Mattilsynet sitt ansvarsområde. Mattilsynet har eigne retningslinjer (etableringsrettleiar) for skjønnsutøving i arealsaker. Begge anlegga er godkjent slik dei ligg i dag med det potensial for smitte det inneber. Planarbeidet vil ikkje vurdere ny lokalisering av anlegget basert på smitteomsyn. 4. Planarbeidet skal vurdere lokalisering av anlegget på Ospeneset basert på m.a. ferdsel på innsida og/eller utsida av anlegget. Tilhøve til fiske- og ferdselsforbod kring oppdrettanlegg vil vera aktuell i denne samanhengen. Definisjon av fiske- og ferdselsforbod kring oppdrettsanlegg er teke inn i planprogrammet. 5. Planframlegget sin verknad for naturmangfold skal utgreiaast. 6. Planarbeidet vil legge til rette for å flytte fôrflåta nord/nordvest for dagens anlegg på Ospeneset, og skal skildre tilhøve knytt til fritidsfiske. Det er ikkje planlagt utviding av nye merdar sør for dagens merdrekke. 7. Dette er ei generell og omfattande problemstilling. Planframlegget sin verknad knytt til samla belastning vil bli utgreia, basert på dagens situasjon (anlegg og løyper). <p>Planarbeidet etter PBL avklarar arealsituasjonen. I samband med konsesjonssøknader (nye eller utviding av eksisterande) vert samla belastning som følgje av framtidig auke i produksjon konsekvens-utgreidd</p>

<p>viktige grunnvassområde og oppvekstområde for fisk og krepsdyr, samt hekke- og yngleområde for mange artar, m.a. rødlista artar som fiskemåke og terne, samt oter og botndyr som flat østers, korallar, hummer, strandreker og glassål. Det er viktig å få forureining så langt vekk frå desse områda som mogleg. Spesielt om sommaren vil vindgenerert straum frå nord med oppstuvingseffekt og tidevasstraum lede vassmassar frå anlegget og mot området Hodnelandsholmane. Gruppa viser til rapport frå HI om forureining frå oppdrett.</p> <p>6. Område sør for anlegget og der fôrflåta no ligg er eit viktig og gammalt hevdvunne fritidsfiskeområde for bygdene Hodneland og Sæveråsvåg. Området vert mykje nytta i sommarhalvåret med stor tettleik av båtar. Det har sommaren 2016 vakt stor irritasjon og opposisjon i bygda mot at oppdrettsanlegget har teke større deler av den gamle sjøallmenningen ned mot Hodneland, ved å relokalisere fôrflåta til dette området. Tidlegare lokalisering var til mindre ulempe.</p> <p>7. Generelt. Gruppa er bekymra for at belastninga over tid på økosystemet i Austfjorden kan få liknande resultat som Masfjorden. Sjølv om forholda i Austfjorden er noko annleis er det åtte anlegg i den trange fjorden og ein fryktar langtidsverknadane av desse på miljøet. Gruppa meiner at ei kvar auke av areal (eller biomasse) ikkje kan skje i Austfjorden, og at næringa må ut og nordover i den større og opnare Fensfjorden.</p>	<p>av sjøkjar og sikra av regionale fagmynde gjennom eigne prosessar etter akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter. Interkommunale planar og akvakulturanalysar er også eigna prosessar for å belyse samla belastning av akvakultur i eit fjordsystem.</p>
<p>Helga Skauge, 08.04.2017</p> <p>Skauge viser til at akvakulturnæringa gjer skade på sjøen som næringa så langt ikkje har klart å løyse (lakslus, kjemikalium, sjukdommar). Ho viser til at Austfjorden var eit godt skattkammer for folk og turistar som ga mat og inntekt. I dag er det utslepp i fjorden frå industri (Mongstad og Sløvåg) i tillegg til ureinsa kloakk og kjemikalrestar frå fiskeanlegga. Innbyggjarane ved fjorden synes det er blitt mindre fisk å få, også mindre i storleik, og av og til får dei fiskar som luktar sterkt av kloakk og må kastast.</p> <p>Skauge viser til at fjorden er ein del av allemannsretten – fiske og friluftsaktivitetar for folket. Ho stiller spørsmål til kvifor ikkje kommunen handhevar allemannsretten like streng på sjø som på land, sidan oppdrett medverkar til redusert kvalitet på miljø og natur? Ho stiller også spørsmål til kva inntekt kommunen får frå fiskeanlegga samanlikna med skatten frå innbyggjarane elles? Ho meiner at det er utruleg at oppdrettsnæringa får</p>	<p>Planframlegget sin verknad knytt til samla belastning vil bli utgreia, basert på dagens situasjon (anlegg og løyper).</p> <p>Planarbeidet etter PBL avklarar arealsituasjonen. I samband med konsesjonssøknader (nye eller utviding av eksisterande) vert samla belastning som følgje av framtidig auke i produksjon konsekvensutgreidd av sjøkjar og sikra av regionale fagmynde gjennom eigne prosessar etter akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter.</p> <p>Interkommunale planar og akvakulturanalysar er også eigna prosessar for å belyse samla belastning av akvakultur i eit fjordsystem.</p> <p>I dag er regelverka slik at sjøområda ikkje har private eigarar og er såleis ein del av den norske allmenningen. Det er likevel ikkje fritt fram for å utnytte ressursane i næringsaugemed, og all næringsverksemد i sjø og på hav føreset at</p>

<p>nytte fjorden gratis i tillegg til å disponere fjorden til skade for folket.</p> <p>Skauge går i mot utviding av nemnde anlegg.</p>	<p>utøvaren er gitt løye frå norsk mynde til utøvinga enten gjennom kvote, lisens eller konsesjon. For å få løye til akvakultur er det fleire søknadar og krav som skal oppfyllast. Kommunen er ein av fleire aktørar som <i>gir løye</i> til akvakultur, og kommunen si rolle er knytt til arealavklaring etter PBL, og høyningspart i samband med søknad om konsesjon og klarering av lokalitet.</p> <p>Kommunane sitt inntektsgrunnlag knytt til akvakultur er ikkje del av planarbeidet, men vil omtalast i plandokumenta.</p>
<p>Arne Aven, 08.04.2017</p> <p>Aven sine punkt i merknaden er:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. Konsekvensutgreiinga sitt utgangspunkt, 0-alternativet. Aven meiner at 0-alternativet er feil og må endrast til gjeldande kommuneplan og situasjonen før dispensasjonsløyvet. Dvs. 6 merdar med synleg merdareal inkl. forflåteareal på ca. 10 da, tillatt biomasse 3120 MTB, og utstrekning vist i vedlagt kart. For dei som bur og brukar området har endringa gjennom dispensasjonsvedtaket redusert brukskvaliteten av området i vesentleg grad. Aven viser til t.d. støy og lyd høyres langt betre enn tidlegare, sjenanse, innsyn og anlegget ligg meir eksponert til attraktive strandstrekningar, samt negativ verknad ifht. lys og lukt. Aven meiner at dispensasjonssøknaden var mangefull og inneholdt missvisande opplysningar når det gjeld anlegget sin påverknad og konsekvensar for nærområda. Samstundes utelukka sakshandsaminga gjennom dispensasjon, medverknad frå den viktigaste brukargruppa – beburarar innafor anlegget sitt direkte influensområde og uorganiserte brukarar av sjø og strandsoneområda. Aven viser til at ved å la planen ta utgangspunkt i situasjonen før dispensasjonen er det fullt mogleg å få realitetshandsama og evt. rette opp i ein del av ulempa området er påført gjennom dispensasjonen. Aven ber om at forflåta og evt. nytt merdareal må trekkast lengre nord. Vekk frå dei mest brukte strandstrekningane og plasserast slik at dei vert til minst sjenanse for omgjevnaden. 2. Aven er positiv til elektrifisering av anlegget, men meiner at det er viktig at konsekvensutgreiinga synleggjer konsekvensar av framføring av kraftline og alle inngrep i nærområdet og strandline. 	<ol style="list-style-type: none"> 1. Lokalitetane Langøy og Ospeneset er begge gitt dispensasjon for arealbruken dei har i dag. Desse godkjenningane er lovleg gitt og i henhold til krav sett i PBL. Ingen av dispensasjonsløyva knytt til arealsituasjonen er begrensa i tid, slik at dei vil vera gjeldande til ny søknad om endring. Ein vel difor å halde på 0-alternativet som er skildra i planprogrammet. Planarbeidet vil legge til rette for utviding av nye merdar nord for dagens anlegg på Langøy. Planarbeidet vil vurdere plassering av fôrflåta, men sjøområda nord for Langøy er noko meir vêrutsett enn Ospeneset slik at vurderinga må sjåast på også med omsyn til tryggleik og drift. Tema som støy, landskapsverknad, friluftsliv på land og sjø skal utgriast i planarbeidet. 2. Innspelet er notert og problemstillinga skal handsamast og omtalast i planframleggget 3. Planframleggvet vil ta utgangspunkt i dagens løyver for lokalitetane og vise til kva arealbehov dette medfører. Ti ringar på Langøy er nødvendig for 4680 MTB, og gir ikkje indikasjon om ytterlegare auke. Utgreiingane vil ta utgangspunkt i eksisterande løyver og arealbehov. Verknadane vil bli skildra basert på desse forholda. 4. Innspelet er notert og problemstillinga skal handsamast og omtalast i planframleggget 5. Innspelet er teke til følgje. Konsekvensutgreiinga skal vise og skildre konsekvensar for fritidsfiske for områda som akvakulturanleggja beslaglegg på både sjøoverflata, i vassøyla og på sjøbotn. Planprogrammet er tydeleggjort i høve til dette punktet. 6. Planarbeidet skal vurdere lokalisering av anlegget basert på m.a. ferdsel på innsida og/eller utsida av anlegget. Planarbeidet vil legge til grunn at

<p>3. Aven viser til at planprogrammet sei at det er planlagt å doble det synlege merdarealet, og at Langøylokaliteten har nyleg fått utvida biomassevolumet til 4680 MTB. Samt at merdareal og biomassevolum vert handtert gjennom to separate vedtaksprosedyrar som ikkje er kopla saman.</p> <p>Aven meiner at dei ikkje kan ta stilling til storleik av merdareal i reguleringsplanen utan å få vite kva konsekvensar den auka biomassen vil ha for forureining av fjorden. I tillegg til dette auka lyd, lys, støy og anna medfølgjande aktivitet som kjem av ei evt. utviding.</p> <p>Konsekvensutgreiinga må difor både grunngje behovet for utviding og omfatte alle relevante tilhøve ved maksimal utnytting av føreslege utvida merdareal.</p> <p>4. Aven stiller spørsmål til villfisk som går rundt anlegga og får i seg medisinrestar eller avlusingsmiddel utgjer ein helsefare dersom dei blir spist kort tid etter? Problemstilling må vera med og avklarast i konsekvensutgreiinga.</p> <p>5. Konsekvensutgreiinga må spesielt få fram anlegga sin reelle påverknad på fritidsfiske, inkl. avstandskrav, anker og fortøyningar.</p> <p>6. Aven vil at ferdselsåra for småbåtar mellom anlegg og land skal oppretthaldast.</p> <p>7. Planprogrammet sei at ein skal bygge på kjent kunnskap for friluftsliv på sjø og i strandsona. Aven si erfaring i sakshandsaminga fram til no er høgst mangefull, og viser til at Langøy lokaliteten ligg i eit fantastisk fint friområde som er mykje nyttta til bading, fiske, sjø- og strandturar for alle som bur og soknar til stranda ved Langøy. Deler av dette området er meir brukt og viktigare å behalde heilt upåverka av oppdrettsverksemda enn andre deler. Gode løysingar krev detaljkunnskap om folk sin faktiske bruk av reguleringsområdet og innanforliggjande strand- og influensområde. Planen må skaffe og synleggjere denne kunnskapen, og viser korleis den er teken omsyn til i reguleringsplanen.</p>	<p>anlegget på Langøy vil ikkje verta plassert nærmare land enn dagens situasjon.</p> <p>7. Innspelet er notert. Det er ønskjeleg å sikre god medverknad i planarbeidet gjennom kontakt med naboar, innspelshavarar og relevante aktørar.</p>
<p>Kathrine Aven Sætre og Frode Sætre, 08.04.2017</p> <p>Som fastbuande på Sundsbø ber dei om at følgjande vert teke omsyn til:</p> <ol style="list-style-type: none"> Strandsona langs Langøy og dei nærliggjande holmane er det området som vert mest nyttta til fiske, bading og friluftsliv. Lys, lyd og lukt frå oppdrettsanlegget slik det no ligg er sjenerande til alle tider. Forflåta er 	<ol style="list-style-type: none"> Strandsone, fiske, og friluftsliv er tema som skal utgreiast i planarbeidet. Planarbeidet vil legge til rette for utviding av nye merdar nord for dagens anlegg på Langøy. Planarbeidet vil vurdere plassering av fôrflåta, men sjøområda nord for Langøy er noko meir vêrutsett enn Ospeneset slik at

<p>synleg frå dei av dei finaste badevikane, og sjølve anlegget er for nære land slik at det hindrar fritidsfiske.</p> <p>2. Sætre ber om at forflåta vert flytta til nordsida av anlegget. Sætre ønskjer ikkje ei vidare utviding av anlegget. Om ein på tross av protestar vel å utvida må utvidinga skje i nordleg retning. I tillegg må det sikrast fri ferdsel for fritidsbåtar og moglegheit for fritidsfiske langsmed land i heile området.</p> <p>3. Grønningane er eit verna hekkeområde for sjøfugl og her må ein vise omsyn. Sætre informerer om at det på Langøy hekker havørn og at ein også finn oter, skarv og hegre. Sætre nyttar Langøy til utmarksbeite for geit og villsau.</p> <p>Sætre ber om at konsekvensutgreiinga vert gjort for området, både når det gjeld trivsel for menneske og dyreliv.</p>	<p>vurderinga må sjåast på også med omsyn til tryggleik og drift. Planarbeidet skal vurdere lokalisering av anlegget basert på m.a. ferdsel på innsida og/eller utsida av anlegget. Planarbeidet vil legge til grunn at anlegget på Langøy vil ikkje verta plassert nærmare land enn dagens situasjon.</p> <p>2. Tilhøve for naturvernområdet Grønningane, samt Langøy som utmarksbeite og friluftsområde skal utgreiast i planarbeidet. Utgreiinga skal omfatte både trivsel for menneske og dyreliv.</p>
<p>Marianne Sundsbø, 08.04.2017</p> <p>Sundsbø viser til at anlegget ved Langøy slik det ligg i dag, er til meir sjenanse enn før dispensasjonsvedtaket. Anlegget har vorte flytta lengre sør som ein del av denne dispensasjonen, som inneber meir m.a. støy. Ei evt. utviding i retning nord vil vera til mindre sjenanse enn sørover i høve til utsyn og støy. Området rundt den sørlege delen av Langøy er mykje nyttta til friluftsliv og fritidsfiske og Sundsbø er bekymra for at vidare utviding sørover til begrense opplevinga av friluftsaktivitetar.</p> <p>Sundsbø ønskjer at innverknad på fritidsfiske må ivaretakast i planarbeidet. Sundsbø peiker på at elektrifisering av anlegget på Langøy må unngå skjemmande leidningar i terrenget.</p> <p>Sjøområdet på Sundsbø er særskilt flott, og det er utanlandske turistar i området som er begeistra for naturopplewingane landskapet tilbyr. Sundsbø er opptekne av at området også framover skal by på flotte naturopplewingar for alle typar brukarar av området.</p> <p>Sundsbø stiller spørsmål til kva som vert rekna som eksisterande kunnskap utover grunnkart og kommuneplanen sin arealdel inkl. framtidig arealbruk for tema «verknadar for nabobar og nærområde».</p>	<p>Planarbeidet vil legge til rette for utviding av nye merdar nord for dagens anlegg på Langøy, og vil vurdere plassering av forflåta, men sjøområda nord for Langøy er noko meir vêrutsett enn Ospeneset slik at vurderinga må sjåast på også med omsyn til tryggleik og drift. Planarbeidet vil legge til grunn at anlegget på Langøy ikke vil verta plassert nærmare land enn dagens situasjon.</p> <p>Friluftsinteressene skal utgreiast i planframlegget, og Sundsbø sine innspel vert teke vidare i planarbeidet.</p> <p>Kunnskapsgrunnlaget for nabobar og nærområde er mellom anna offentleg kjente databasar som viser registreringer og bruk, kartlegging av regionale friluftsområde, kommuneplanen sin arealdel som har avsett areal til friområde/friluftsområde, Bergen og omegn friluftsråd, samt dei lokale innspela som er komme inn som del av varsling om oppstart. Det er i tillegg ønskjeleg å sikre god medverknad i planarbeidet gjennom kontakt med nabobar, innspelshavarar og relevante aktørar.</p>